



Saksbehandlar: Annlaug Helene Kjelstad, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8187-49

Strategisk plan for kysten - vedtak av planprogram

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Planprogram for Strategisk plan for kysten 2018-2029 for Sogn og Fjordane vert vedteke, jf. plan- og bygningslova § 8-3.
2. Det vidare arbeidet vert organisert i samsvar med fylkesrådmannen si saksframstilling.
3. Fylkesrådmannen får vidare i oppgåve å omforeine finansieringa av planarbeidet med alle kommunane etter vedtak av planprogrammet, inkl. det å få på plass ein prosjektleiar.

Vedlegg:

1. Planprogram for Strategisk plan for kysten 2018-2029 for Sogn og Fjordane. 2.11.2016.
2. Strategisk plan for kysten. Planprogram. Oppsummering av fråsegner og om deltaking frå kommunane mv. i planarbeidet

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Høyringsfråsegner til planprogrammet, jf. arkivsak (15/8187).

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Planprogram for strategisk plan for kysten har vore på høyring og vert no lagt fram for vedtak. Det kom inn 26 uttaler. Høyringa har altså vore brei i høve utforminga av planprogrammet, deltaking og forankring. Alle kommunane ynskjer å delta og det er også gjort forpliktande vedtak. Vilkåra som kommunane stiller er at dei får spele ei aktiv rolle i utforminga i strategiane.

I høyringa vart partane utfordra til å drøfte mål og ut frå konkrete innspel er det framlegg om følgande hovudmål for planen:

«Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande.»

Det trengst strategiar for å lyfte kystregionen i fylket til skape vekstkriftige og verdi-skapande samfunn som planlegg i forkant av endringane og evnar å omstille seg. Kysten står framfor endringar i demografi, klima, arbeidsplassar og næringsstrukturar. Kysten må nytta kommunikasjon/samferdsle som eit verkemiddel og verdsetje høgt dei store natur- og kulturverdiane ein har.

Dette krev ein langsiktig og konsistent politisk strategi og forankring i heile kystregionen.

Det går fram av vedlegg 2, oppsummering av fråsegner, korleis desse er vurderte og tekne inn i endeleg planprogram. Programmet, som no vert lagt fram for vedtak, har teke opp i seg mange endringar, og dette gjeld hovudsakleg:

- Hovudmål og delmål i planen
- Avgrensing av planen og planarbeidet
- Endringar i formuleringar og avklaringar kring ulike tema
- Organiseringa av arbeidet.

Planprogrammet gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet som startar med organisering, utgreiingar og analyser. Dei gode strategidiskusjonane kan kome som eit resultat av god organisering og fagleg funderte analyser og samandrag.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Med bakgrunn vedteken regional planstrategi for 2016-2020 vidarefører vi arbeidet med ein strategisk plan for kysten. Planprogrammet har vore ute på høyring og vedtak av programmet er steget vidare i arbeidet, slik at både utgreiings-, analyse- og strategiarbeidet kan setjast i gong. Planarbeidet har som ambisjon å vere ferdig innan utgangen av 2017.

Historikk - tidlegare vedtak

ProsesSEN mot kommunane starta slutten av planperioden 2012-2016, då med bakgrunn føringar i regional planstrategi. I fylkestinget sitt vedtak av 11.06.13, sak 20/13, heiter det:

«Fylkestinget ser behov for å etablere ein strategisk plan for kysten og ber fylkesrådmannen gjennomføre ein ny prosess med kystkommunane for å kome fram med eit framlegg til korleis ein kan starte opp eit slikt planarbeid i denne planperioden.»

Regional planstrategi 2016-2020 vart vedteke 14.06.16 i FT-sak 23/16 og seier at planarbeidet skal gjennomførast i 2016-2017.

Sentrale problemstillingar

Planprogrammet som no vert lagt fram for vedtak har teke opp i seg mange endringar ut frå høyringa, møte i planforum og etter interne avklaringar. Tema i høyringa har i hovudsak vore:

- Hovudmål og delmål i planen
Ut frå innspela vert det gjort framlegg om eit hovudmål for strategisk plan. Det er fleire innspel når det gjeld delmål og både kommunar, regionråd og regionale fagmynde har gitt støtte til måla slik dei var formulerte. Det er også nokre innspel om mindre endringar.
- Avgrensing av planen og planarbeidet
Mange har gjeve innspel om kva føringar for arealbruksspørsmål ein strategisk plan for kysten skal og bør ha. Skal dette vere ein plan som gjev føringar for samfunnsdel av kommuneplan i den enkelte kommune og då kunne gje overordna føringar i arealbruks-spørsmål? Kan strategiarbeidet leggje grunnlaget for det meir konkrete arbeidet med regional plan for arealbruk som er vedteke starta opp i 2018?
- Endringar i formuleringar og avklaringar kring ulike tema
Fleire har kome med innspel som er med å styrke, avgrense og presisere kva tema som skal utgreiast og korleis. Dette må også sjåast i samanheng med avgrensinga av sjølve planen, sjå ovanfor. Internt i fylkeskommunen har det vore nødvendige vurderingar av samordning med og avgrensing mot andre regionale planar som regional transportplan (RTP) og regional plan for klimaomstilling.
- Organiseringa av arbeidet
Det er positivt at alle kommunane har gitt si tilslutning til planarbeidet og at regional stat v/Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet ynskjer å delta. På denne måten kan vi få eit breitt og forpliktande planarbeid. Mange vert involverte og det er behov for gode prosesser i kommunane, i regional stat, hjå oss i fylkeskommunen og hjå andre involverte. Arbeidet må ha ei tydeleg politisk forankring i fylkeskommunen, både hos fylkesutvalet (FU/vedtaksorgan) og planutvalet (PLAN/prosessorgan).

3. Vurderingar og konsekvensar

Vurderingane av hovudmål og delmål for planen.

I høyringa vart partane utfordra til å drøfte mål og ut frå konkrete innspel er det framlegg om følgjande hovudmål for planen:

«*Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande.*»

Det trengst strategiar for å lyfte kystregionen i fylket til skape vekstkraftige og verdiskapande samfunn som planlegg i forkant av endringane og evner å omstille seg. Kysten står framfor endringar i demografi, klima, arbeidsplassar og næringsstruktur. Kysten må nytta kommunikasjon/ samferdsle som eit verkemiddel og verdsetje eigne natur- og kulturverdiar høgt. Til dette krevst det ein langsiktig og konsistent strategi og forankring i heile regionen.

Det er følgt opp med ein rekke delmål, noko som er kome fram i prosessen med kommunane. Fylkesrådmannen vurderer at i det vidare arbeidet kan delmåla ev. formulerast på ein annan måte eller endrast, men det er ynskjeleg at hovudmål og bakgrunn for dette vert vurdert i FU. Utgreiingane og strategidiskusjonane kan verke inn på korleis dei ulike delmåla vert vurderte og om det trengst endringar.

Vurderingane av avgrensinga av planen

Fylkesrådmannen tenkjer at Strategisk plan for kysten bør kunne gje føringar for samfunnssdelen av kommuneplan i den enkelte kommune og gje overordna føringar i arealbruksoppskriftsmål. Mange av høyringspartane har gjeve innspel kring spørsmålet om kva føringar for arealbruksoppskriftsmål ein strategisk plan for kysten skal og bør ha, og det er ulike ynskjer og meningar om dette. Men først og fremst er det ynskjeleg med ei tilstrekkeleg avklaring av kva planen skal vere. I og med at planen ikkje vil gå inn i arealbruksoppskriftsmål på line med ein kystsoneplan eller ein regional arealbruksplan, vurderer fylkesrådmannen det slik at denne kan leggje grunnlaget for det meir konkrete arbeidet med ein regional plan for arealbruk som er vedteke starta opp i 2018.

Vurderinga av endringar i tema

Fylkesrådmannen har i stor grad teke omsyn til innspel som er med på å styrke, avgrense og presisere kva tema som skal utgreia og korleis. Internt i fylkeskommunen er det viktig at vi samordnar arbeidet med andre regionale planar som regional transportplan (RTP) og regional plan for klimaomstilling.

Vurdering av organisering, medverknad og gjennomføring av planarbeidet

I fylkeskommunen må vi tilpasse oss eigne reglement og vanleg arbeidsdeling mellom politisk og administrativ side. Det følgjer av vedtak i FT-sak 47/15 at FU, på nivå under FT, er vedtaksorgan i regionale plansaker og at FU gir tilråding til FT i slike saker. Vidare heiter det at FU, med tillegg av hovudutvalsleiarane og gruppeleiarane for parti som ikkje er representerte i FU, har funksjon som Planutval (PLAN) i arbeidet med regionale plansaker. Fylkesrådmannen legg til grunn at vi tilpassar oss dette. PLAN bør som følgje av dette vere ein viktig arena i det løpende politiske arbeidet ved handsaming av arbeidsdokument og ev. løypemeldingar, medan FU handsamar ev. formelle vedtakssaker.

Kommunane er opptekne av spørsmålet om organisering mv. Det er komne innspel om at vi bør etablere ei *Strategigruppe* med 1 representant for kvar kommune og gjerne 2 representantar frå fylkeskommunen. Gruppa bør drøfte og utforme strategiar når utgreiingane er gjorde, slik at kommunane har god innverknad på arbeidet. Frå ei slik gruppe bør det gå ei rapporteringsline inn mot PLAN/FU i og med at vi skal arbeide med ein regional plan. Fylkesrådmannen tykkjer dette er ein god ide, og meiner at kommunane og fylkeskommunen sjølv må avgjere kven som skal vere med ei slik strategigruppe. På fylkeskommunal side bør fylkesrådmannen kunne peike ut kven som skal vere med. Vi har ingen tradisjon eller praksis som tilseier at politisk side skal ta på slik slike roller.

Ein *Prosjektleiar* (sjå «økonomi» under) bør vere sekretær for Strategigruppa.

Kommunane kan elles bli kopla på ved at vi etablerer ei *Referansegruppe* som skal gje faglege innspel og sikre kvalitet, både i utgreiingane og i utforming av regional strategisk plan. Her kan

det vere med 1 representant frå kvar kommune, nemnde prosjektleiar og representantar frå fylkes-kommunen, fylkesmannen og t.d. Fiskeridirektoratet. Referansegruppa vil ha si hovudoppgåve i *utgreiingsfasen*. Ut frå referansegruppa kan det ev. etablerast ei noko mindre arbeidsgruppe, som saman med prosjektleiar, legg fram drifts- og møteplanar, driv fram arbeidet med utgreiingane, dokumentutforming mv. Det kan ev. og etablerast temagrupper innafor ulike område, jf. t.d. innspela frå m.a. Vågsøy og HAFS. Slike grupper vil bli oppretta og avvikla etter behov.

Det synest å vere semje om at vi bør engasjere ein prosjektleiar så snart som råd. Når denne er på plass organiserer ho/han det vidare arbeidet. I fylkeskommunen vil vi følgje vanleg arbeidsdeling ved at fylkesrådmannen er prosjektansvarleg og plansjefen har prosjektleiinga.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det er ein føresetnad at arbeidet vert finansiert av dei deltagande partane. I vårt budsjett er det for 2016 løyvd 1 mill. kr og for 2017 er det føreset ytterlegare 1 mill. kr. Fylkesrådmannen har i brev til kommunane 08.07.2016 føreslått følgande finansiering;

Finansieringskjelde	2016 (kr)	2017 (kr)
Sogn og Fjordane fylkeskommune	1 000 000	1 000 000
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	50 000	50 000
Askvoll kommune		89 000
Bremanger kommune		99 000
Fjaler kommune		86 000
Flora kommune		204 000
Gulen kommune		80 000
Hyllestad kommune		68 000
Selje kommune		86 000
Solund kommune		60 000
Vågsøy kommune		128 000
Finansiering pr år	1 050 000	1 950 000
Samla berekna finansieringsbehov		3 000 000

Hyllestad og Selje har ikkje forplikta seg økonomisk, men av omsyn til framdrifta tilrår fylkesrådmannen at dette vert løyst gjennom dialog etter at planprogrammet er vedteke.

Det er behov for innleige, ev. tilsetjing, av prosjektleiar avgrensa til ein kostnad på kr 1 000 000,-, jf. FU-sak 65/16 av 22.06.2016.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at høyringa av planprogrammet har vore gjennomført breitt, og vi har fått mange innspel. Kommunane har gjort forpliktande vedtak. Det er semje om at det trengst strategiar for å lyfte kystregionen i fylket til å skape vekstkraftige og verdiskapande samfunn.

Innspela har ført til både mindre (tema i planprogrammet) og større endringar innan:

- Målformulering
- Avgrensing av planarbeidet og planen
- Endra framlegg til organisering.

Fylkesrådmannen meiner planprogrammet er styrkt gjennom høyringa, og gjev eit godt grunnlag for å kunne starte utgreiingar og analyser som skal leie til utforminga av strategiane. Planprogrammet vert difor lagt fram for vedtak.